

# MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: Torsdag 9. mai 2019 kl. 1800- 1945

Stad: Joker Skarsmo

**Desse møtte:** Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge

Meldt forfall: Ørjan Angell (vara blei kalla inn, men kunne ikkje møte)

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

**Saker til styremøtet:**

**OFS 11/19: Gjennomgang av innspel på hyttemøtet 28. mars**

**OFS 12/19: Uthus Bjørnavassbu – orientering om status**

**OFS 13/19: Beising av Belebu**

**OFS 14/19: Høyring av endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020**

**OFS 15/19: Eventuell klage på vedtak om korttype og villreinkvota 2019**

**OFS 16/19: Rutinar/reglar for overføring av jaktkort**

**OFS 17/19: Reinsjakta 2019**

**OFS 18/19: Eventuelt**

Eivind Tokheim/s/    John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

## **Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

# **OFS 11/19: Gjennomgang av innspel på hyttemøtet 28. mars**

## **Saksdokument:**

## **Saksutgreiing:**

Gjennomgang og drøfting av innspela på hyttemøtet 28. mars.

## **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

## **Referat:**

Innspela på hyttemøtet blei diskutert. Britha kom med innspel om at fjellstyret må vurdere ei tredeling av prioriteringa av søkjarar – slik at dei som søkte året før, utan å få tildelt leige, får fyrsteprioritet, andre søkjarar som ikkje søkte i fjor/ikkje har søkt tidlegare får andreprioritet og dei som var tildelt leige i fjor har lågast prioritet.

Det kom innspel frå Britha og Mariann om at dei dugnadsgruppene/hyttestyra som tek seg av hyttene i dag bør halda fram etter ny fjellstyrestruktur, dersom dei ynskjer det sjølve. Det var semje i styret om å summera opp slike innspel frå Odda fjellstyre og ta med vidare inn i det nye fjellstyret.

## **Vedtak (sak OFS 11/19):**

Innspela på hyttemøtet og tankane som blei lufta på møtet blir teke med i vurderinga av framtidig praksis for utleige og drift av hyttene.

## **OFS 12/19: Uthus Bjørnavassbu – orientering om status**

### **Saksdokument:**

- 12-19 Statskog - Tildeling av midlar frå Grunneigarfondet 2019

### **Saksutgreiing:**

Gjennomgang på møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

### **Referat:**

John Helge informerte om søknadsprosessen. Byggesøknad blei sendt inn i juni 2018. Det blei halde synfaring på staden i september 2018, med representantar frå heradet, tilsynsutvalet, fylkeskommunen og Fylkesmannen. Tilsynsutvalet har gitt si tilråding til Fylkesmannen. Det kom innvendingar frå heradet og fylkeskommunen. På bakgrunn av innvendingane er det utarbeida nye teikningar som blei sendt til heradet i mars. Dette har blitt liggjande hjå heradet, men er no sendt vidare til fylkeskommunen og Fylkesmannen. Det har frå fjellstyret si side blitt ytra ynskje om rask handsaming, med tanke på dugnadsarbeid i juni. John Helge informerte elles om at nye årer med meir er kjøpt inn. På grunn av sein levering kom dei ikkje inn med skuter i vinter.

### **Vedtak (sak OFS 12/19):**

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

## **OFS 13/19: Beising av Belebu**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Planlegging av beising av Belebu i vår/sommar.

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

### **Referat:**

Det blir lagt opp til dugnad helga 31. mai-2. juni, dersom vegen inn Valldalen er opna, og veret er bra. Dugnaden blir eventuelt flytta til ei seinare helg.

### **Vedtak (sak OFS 13/19):**

Fjellstyret gjennomfører dugnaden som skildra i referatet.

## **OFS 14/19: Høyring av endring av jakttid for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020**

### **Saksdokument:**

- 14-19 Høyringsnotat – forslag til forskrift om endring av jakttid i 2019 og 2020

### **Saksutgreiing:**

Miljødirektoratet har sendt ut forslag til forskrift om endring av jakttida for villrein i Nordfjella villreinområde og Hardangervidda villreinområde i 2019 og 2020. For Hardangervidda sin del går forslaget ut på å endre jakttida for vaksen bukk (2,5 år eller eldre) frå 20.8-30.9 til 10.8-22.9 for åra 2019 og 2020. Det er og føreslege at villreinnemnda får myndigheit til å utvide jakttida for vaksen bukk fram til 30. september når særskilde bestandsmessige tilhøve ligg føre.

Dersom fjellstyret ynskjer å sende inn høyringsinnspel må det gjerast innan 31. mai.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Det var semje om å ikkje gi ei høyringsuttale.

**Vedtak (sak OFS 14/19):**

Odda fjellstyre sender ikkje høyringsuttale.

## **OFS 15/19: Eventuell klage på vedtak om korttype og villreinkvota 2019**

**Saksdokument:**

- 15-19 Kvotevedtak Hardangervidda villreinområde 2019
- 15-19 Vedtak om dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 29

**Saksutgreiing:**

Villreinnemnda har gjort fyljande vedtak om villreinkvota i 2019:

*Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet støtter Hardangervidda villreinutvalg sin kvoteanbefaling for 2019, og vedtar dermed en kvote i Hardangervidda villreinområde på **totalt 6 000 dyr, tildelt som rene bukkkort «buk 2,5 år og eldre».***

*Vedtaket forutsetter at søknad om dispensasjon fra hjorteviltforskriften §29 innvilges, og at det blir utformet egne kontrollkort for denne typen dyr.*

*Villreinnemnda vil imidlertid påpeke at dette er en utenkelig kvote i en normalsituasjon der bestandsforvaltning skal ligge til grunn. Men i frykt for at Mattilsynet skal ta i bruk vinterjakt for å få inn nok CWD-prøver, så finner Villreinnemnda det rett å støtte kvoteforslaget fra Villreinutvalget.*

Miljødirektoratet har gjort fyljande vedtak om korttype i 2019:

*Med hjemmel i forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 37, gir Miljødirektoratet dispensasjon fra § 29 i samme forskrift. Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet gis dispensasjon til å tildele fellingstillatelse på kun voksen bukk,*

*dvs. hanndyr som er 2,5 år eller eldre. Kontrollkort vil påtrykkes denne kategorien dyr. Som en konsekvens av dispensasjonen tillates det ikke å felle kalv i stedet for voksne dyr, jf. § 29 fjerde ledd siste punktum.*

*Vedtaket gjelder for Hardangervidda villreinområde, og for jaktåret 2019/2020.*

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

### **Referat:**

Utkast til felles klage frå Odda fjellstyre og Røldal fjellstyre på vedtak frå Miljødirektoratet om dispensasjon frå hjorteviltforskrifta for tildeling av fellingstillating på vaksen bukk, samt villreinnemda sitt kvotevedtak, blei sendt ut til fjellstyremedlemmene før møtet. Det var semje i styret om å klage på vedtaka med teksten som er lagt fram for fjellstyret.

### **Vedtak (sak OFS 15/19):**

Odda fjellstyre klagar på vedtaka om korttype og kvote for 2019.

Samrøystes vedteke.

## **OFS 16/19: Rutinar/reglar for overføring av jaktkort**

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Jf. sak 07/19 ynskjer fjellstyret å ta opp overføring av kort mot slutten av jakta som ei sak før årets jakt.

Tildeling av reinskort er enkeltvedtak etter fjellova § 24. Dersom fjellstyret skal ha ei opning for overføring av reinskort må det gjerast vedtak om det før jakta. Tilsvarande må ordning med kortretur og vidaresal av kort vedtakast før jakta.

Når fjellstyret har vedteke å fylje varalista ved vidaresal av innleverte kort, må ei ordning med overføring av kort ikkje gå på bekostning av dei som står på varalista. Fjellstyret må vurdere om det til dømes er rimeleg å gå vekk frå å fylje varalista etter ein viss dato. Det må og gjerast vedtak om kven som kan overføre kort.

**Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Saka blei kort diskutert. Det var semje om å ikkje praktisere overføring av kort utanom kortreturordninga (sjå sak 17/19).

**Vedtak (sak OFS 16/19):**

Det blir ikkje drive overføring av kort utanom kortreturordninga (sjå sak 17/19). Samrøystes vedteke.

**OFS 17/19: Reinsjakta 2019****Saksdokument:**

- 17-19 Åge Holtmoen – Innspel om søknadsprosess, jaktlag og Langavassbu

**Saksutgreiing:**

Aktuelle tema er:

- Tildeling av kort til unge fyrstegongsjegerar
- Kortreturordning
- Pris
- Trekking

Ordningane for 2018 var som fylgjer:

**Tiltak for unge fyrstegongsjegerar**

Ordninga med å tildele unge fyrstegongsjegerar kort gjeld for dei som fyller 16, 17, 18 eller 19 i søknadsåret. Fyrstegongsjegerane blir tildelt kort på fritt dyr. Det blir ikkje gitt redusert pris for kortet.

**Kortreturordning**

- T.o.m. (ca.) 5. september: 50 % refusjon på innleverte kort
- F.o.m. (ca.) 6. september: 25 % refusjon på innleverte kort
- Selje til full pris t.o.m. ca. 9. september, selje til halv pris etter 10. september
- Føresetnad for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare.

### Pris

	<b>2018</b>
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

### **Framlegg til vedtak:**

Inga framlegg til vedtak.

### **Referat:**

Innspela frå Åge Holtmoen blei diskutert. Det blir sendt ei tilbakemelding etter møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 13. mai.

### Kortreturordning

Eivind kom med framlegg om at fjellstyret har fyljande kortreturordning i 2019:

- 50% refusjon på innleverte kort innan 1. september (som blir selt vidare til full pris)
- 25% refusjon på innleverte kort etter 1. september (som blir selt vidare til halv pris)
- Korta blir selt til full pris fram til og med 1. september, deretter til halv pris
- Føresetnaden for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare

Korta blir berre selt vidare til dei som er tildelt kort (og eventuell varaliste innanbygds dersom ikkje alle blir tildelt kort før jakta). Før jakta blir jegerane bedt om å melde frå om dei er interessert i å kjøpe kort i løpet av jakta. Dei som melder seg blir kontakta om ledige kort i løpet av jakta. Kortreturordninga blir handsama av Steinar Lund, Eivind Tokheim og Mariann Nordstoga Berge.

Styret slutta seg til dette.

### Pris

Eivind kom med framlegg om at korta skal koste 1900,-. Styret slutta seg til dette.



## Tildeling

Eivind kom med framlegg om at fyrstegongsjegerar som fyller 16, 17, 18 eller 19 år i søknadsåret får tildelt eit kort til halv pris. Styret slutta seg til dette.

Eivind kom med framlegg om at for å avgrense talet jegerar blir det ikkje tildelt kort til utanbygdsbuande søkjarar. Styret slutta seg til dette.

Eivind kom med framlegg om at dei som har sendt inn søknad om reinskort etter fristen ikkje er med i den ordinære trekkinga, men blir lagt på botnen av varalista i rekkefølge etter kor tid søknaden kom inn. Britha kom med framlegg om at dei som har søkt etter fristen ikkje får tildelt kort. Ved avstemming blei det vedteke med to stemmer (Eivind Tokheim og John Helge Rasmussen) med leiar si stemmegjeving mot to stemmer (Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge) at dei som har sendt inn søknad om reinskort etter fristen ikkje er med i den ordinære trekkinga, men blir lagt på botnen av varalista i rekkefølge etter kor tid søknaden kom inn.

Eivind kom med framlegg om at det blir tildelt eit kort til kvar søkjar etter trekkingsresultatet. Dersom det er fleire kort til overs blir dei fyrste på lista gitt tilbod om å kjøpe eit kort til. Det blir gitt tilbod om eit andre kort fortløpande etter trekkingsresultatet til alle korta er selde. Styret slutta seg til dette. Tildelinga av kort blir fyrst gjort når endeleg kvotevedtak er gjort.

## Trekking

Trekkinga blei gjort elektronisk. Trekkingsresultatet blir publisert når kvotevedtaket er endeleg.

## **Vedtak (sak OFS 17/19):**

### Pris

Odda fjellstyre set prisen for reinskort for innanbygdsbuande i 2019 til 1.900,-.

Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 25. Samrøystes vedteke.

### Kortreturordning

Odda fjellstyre har fyljande kortreturordning i 2019:

- 50% refusjon på innleverte kort innan 1. september (som blir selt vidare til full pris)
- 25% refusjon på innleverte kort etter 1. september (som blir selt vidare til halv pris)
- Korta blir selt til full pris fram til og med 1. september, deretter til halv pris
- Føresetnaden for refusjon er at fjellstyret får selt korta vidare

Korta blir berre selt vidare til dei som er tildelt kort (og eventuell varaliste innanbygds dersom ikkje alle blir tildelt kort før jakta).. Før jakta blir jegerane bedt om å melde frå om dei er interessert i å kjøpe kort i løpet av jakta. Dei som melder seg blir kontakta om ledige kort i

løpet av jakta. Kortreturordninga blir handsama av Steinar Lund, Eivind Tokheim og Mariann Nordstoga Berge.

Samrøystes vedteke.

### Tildeling av reinskort

Fyrstegongsjegerar som fyller 16, 17, 18 eller 19 år i søknadsåret får tildelt eit kort til halv pris. Samrøystes vedteke.

Odda fjellstyre tildeler ikkje kort til utanbygdsbuande søkjarar i 2019. Samrøystes vedteke.

Dei som har sendt inn søknad om reinskort etter fristen er ikkje med i den ordinære trekkinga, men blir lagt på botnen av varalista i rekkefølge etter kor tid søknaden kom inn. Vedteke med to stemmer (Eivind Tokheim og John Helge Rasmussen) med leiar si stemmegjeving mot to stemmer (Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge).

Det blir tildelt eit kort til kvar søkjar etter trekkingsresultatet. Dersom det er fleire kort til overs blir dei fyrste på lista gitt tilbod om å kjøpe eit kort til. Det blir gitt tilbod om eit andre kort fortløpande etter trekkingsresultatet til alle korta er selde. Samrøystes vedteke.

Vedtaka om tildeling er gjort med heimel i fjellova § 24.

## **OFS 18/19: Eventuelt**

Britha kom med innspel om at det skal kjøpast inn eit aggregat til Belebu. Styret slutta seg til dette.

Eit innspel frå Ullensvang fjellstyre til fyrstkommande møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning blei diskutert. Innspelet går ut på at dei to fjellstyra kan kome fram til kva dei er ueinige om/har ulik oppfatning av i samband med endra fjellstyrestruktur frå 2020, og presentere dette for Norges Fjellstyresamband, eller den juridiske kontakten som sambandet har. Innspelet blei kort drøfta. Representantane som sit i Fellesstyret tek med seg tilbakemeldingane frå Odda fjellstyre til møtet.

Eivind Tokheim orienterte om kontakt med Statskog om ulike problemstillingar rundt endra fjellstyrestruktur frå 2020. Britha Sandal kom med innspel om at Odda fjellstyre bør sende ei uttale til Statskog om kravet om forsterka fjellstyre frå bygdene på Oksenhavvøya. Eivind Tokheim lagar eit utkast som blir sendt ut til styremedlemmene. Styret slutta seg til dette.

### Saker til neste møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakene til møtet i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 13. mai blei gått gjennom.